



**Fylkesmannen i Sogn og Fjordane**  
**Fylkeslegen i Sogn og Fjordane**



# ***Handlingsplan for eldreomsorga***



**Sluttrapport  
for Sogn og  
Fjordane  
desember 2002**



# Forord

Denne rapporten er utarbeidd av Fylkesmannen og Fylkeslegen i Sogn og Fjordane, og skildrar kommunane i fylket sine oppnådde resultat gjennom Handlingsplan for eldreomsorga. Dette gjeld både drift og investering i sjukeheimar og omsorgsbustader.

Bakgrunnen for denne satsinga var mellom anna venta auke av eldre i landet. Stortingsmelding 50 1996/97, som låg til grunn for Stortinget si handsaming av handlingsplanen, sette høge mål for satsinga. Tryggleik for nødvendige pleie- og omsorgstenester til den enkelte, styrking av omfang og kvalitet på tenestene og meir heilskaplege, fleksible og likeverdige tenestetilbod var nokre av målsettingane. Det skulle også bli større brukarmedverknad og personlege val i dagleg omsorg.

Handlingsplanen skulle sette kommunane i stand til å byggje ut kapasiteten, betre kvaliteten på tenestene og gje tilbod i samsvar med lokale behov og prioriteringar. Ein skulle såleis ta eit krafttak for å betre hjelpetilbodet til dei eldre.

Arbeidet på fylkesnivå har vore organisert som eit prosjekt der Fylkesmannen og Fylkeslegen har vore styringsgruppe. Arbeidsgruppa har vore sett saman av 3 personar. Rådgjevar hos fylkesmannen, Kjell Berge, har vore prosjektleiar. I tillegg har fylkessjukepleiar Anne Eli Wangen og økonomirådgjevar Gerd Fløde Bjørlo vore med. I dei to siste funksjonane har det vore personskifte tre gonger.

Kommunane har organisert arbeidet på ulike måtar, politisk og administrativt. Det har vore eit omfattande plan- og prosjekteringsarbeid i samband med nybygging og utbetring av institusjonar og omsorgsbustader. Vi vil takke kommunane for eit godt og konstruktivt samarbeid om denne satsinga.

Husbanken har hatt arbeidet med rettleiing og tilsegner i samband med bygginga. Fylkesmannen og Fylkeslegen har gjeve uttale og prioritert mellom prosjekt.

Det er framleis store utfordringar innan eldreomsorga. Den vanskelege økonomien i dei fleste kommunane gjer at den personelloppbygginga som har vore gjort, er i ferd med å verta bygd ned att. Ved sida av byggeprosjekta i kommunane, som skal vera fullført i 2005, vil staten i det vidare arbeidet sette fokus på innhald i og kvalitet på tenestene innan pleie og omsorg under slagordet "Frå hus til hender".

Vi ynskjer kommunane lykke til med framtidig arbeid på dette feltet.

Leikanger, 9. desember 2002

*Oddvar Flæte*  
Oddvar Flæte  
fylkesmann

*Petter Øgar*  
Petter Øgar  
fylkeslege

# Innhold

side:

<b>Forord</b>	<b>2</b>
<b>Innhold - oversyn</b>	<b>3</b>
<b>Samandrag</b>	<b>4</b>
<b>1 Innleiing</b>	<b>6</b>
<b>2 Folketalsutvikling</b>	<b>7</b>
<b>3 Resultat – drift</b>	<b>9</b>
<b>4 Resultat – investeringar</b>	<b>12</b>
<b>5 Kommuneark – fakta i samband med handlingsplanen i kvar kommune</b>	<b>15</b>
<b>6 Vurderinga av sluttresultatet</b>	<b>67</b>
<b>7 Vedlegg med utfyllande søylediagram</b>	<b>71</b>

# Samandrag

## Årsverk og personeldekning i pleie- og omsorgstenestene

I 2001 var det gjennomsnittleg 47 årsverk pr. 100 eldre 80 år + i kommunane i Sogn og Fjordane, gjennomsnittet for landet var 46 årsverk. Det er store variasjonar mellom kommunane. Tilsvarande tal for 1997 var 44 og 43 årsverk.

Kommunane i fylket har i denne perioden fått auka det øyremerka driftstilskotet med til saman kr. 84,9 mill. og skjønnstilskot til drift på kr. 3,8 mill. *Jfr. tabell 3.1 og 3.1.1*

I same tidsrom har kommunane, i følgje SSB sin pleie- og omsorgsstatistikk for 1997 og KOSTRA- rapporteringa for 2001, ein auke i tal årsverk frå 2508 i 1997 til 2789 ved utgangen av 2001. Statistisk utgjer dette 281 årsverk. *Jfr. tabell 3.1.2.*

Driftstilskotet delt på auken i årsverk utgjer om lag kr. 315.000

## Investeringar i institusjonsplassar og omsorgsbustader

I følgje tilsendt oversyn frå Husbanken er tal tilsegner om tilskot til sjukeheimspllassar og omsorgsbustader 1290 einingar i perioden 1997 til 2002. Dette gjeld Handlingsplan for eldre. I same tidsrom har nokre kommunar fått tilskot til oppføring av omsorgsbustader gjennom Opptrapningsplan for psykisk helse. Av dei 1290 einingane er 534 omsorgsbustader og 756 sjukeheimspllassar. Fordeling av tilskotet vert då 42% til omsorgsbustader og 58% til sjukeheimspllassar. Kommunane i Sogn og Fjordane har i gjennomsnitt fått tilskot til 22 einingar pr. 100 personar 80 år+. På landsplan er dette talet 19 einingar. Det er stor variasjon mellom kommunane i fylket. *Jfr. tabell 4.1.*

## Samla tilbod i institusjonar og omsorgsbustader i kommunane

Dekningsgrad er samla tal sjukeheimspllassar, aldersheimplassar og omsorgsbustader i høve til gruppa 80 år+ i kommunen. I denne samanhengen vert det rekna med omsorgsbustader som det er gjeve statstilskot til frå og med 1994.

## Situasjon i 1997 og prognose 2005 for Sogn og Fjordane

	Sjuke-Heim	Alders-heim	Om. sorgs-bustad	Sum einin-gar	Tal eldre 80+	Deknings-grad institusjon	Deknings-grad oms. bustad	Samla deknings-grad fylke	Samla dekn.grad landet
1997	1068	399	124	1591	5723	25,6	2,2	27,8	26,4
2005	1248	51	670	1969	6014	21,6	11,1	32,7	32,5

Kommunane i Sogn og Fjordane har i gjennomsnitt ein dekningsgrad om lag på nivå med landet. Det er stor variasjon mellom kommunane, samla dekningsgrad varierar mellom 28,5 og 45,3. *Jfr. tabell 4.2.*

## Eineromsdekningsgrad

Ei sentral målsetting i handlingsplanen var tilbod om einerom i institusjon for alle som ynskjer det. Med den utbygginga som er planlagt og som det er gjeve tilsegn om frå Husbanken, vil den delen av rom i institusjon som er einerom auke frå 81% i 1997 til 99% i 2005 her i fylket. Tilsvarande tal for landet er 83 og 97%.

Dekninga i kommunane i Sogn og Fjordane varierer mellom 89 og 100%. *Jfr. tabell 4.3.*

## **Kommunane si vurdering av sluttresultatet**

Jfr. pkt. 6.1.

Handlingsplanen har i det vesentlege virka som planlagt. Eldreomsorga og resten av pleie- og omsorgstenestene har blitt sett på den politiske dagsorden.

Det har blitt ei modernisering av bygningsmassen, og eit blanda tilbod av omsorgsbustader og institusjonsplassar i samsvar med målsettinga. Brukarane har fått betre privatareal i sjukeheimar og omsorgsbustader.

Fleire meiner at det burde vore fylkeskvotar på investeringane frå starten, noko som ville gjeve ei betre prioritering av utbygginga. Eigendelen i prosjekta har vorte langt større enn det kommunane meinte dei var førespeglia i starten av handlingsplanen.

Bemannninga har blitt betre, og kompetansen har auka, (jfr. helse- og sosialpersonellplanen). "Reserven" av personell i kommunane er i ferd må å bli brukt opp.

Harde krav til aktivitetsvekst og "freding" av pleie- og omsorgstenesta i planperioden, har ført til eit personellnivå som det, i mange kommunar, er vanskeleg å oppretthalde med den økonomiske kvardagen som kommunane no har.

## **Fylkesmannen og Fylkeslegen si vurdering av sluttresultatet**

Jfr. punkt 6.2.

Planen er følgt opp etter Stortinget sine intensjonar på ein god måte, langt betre enn til dømes Opptrappingsplanen for psykisk helse. Det gjeld også regional stat sitt arbeid.

Dei kvantitative måla i handlingsplanen er nådde, og mange brukarar får betre bygningsmessige omgivnader i sjukeheimar og omsorgsbustader.

Det er ikkje lett å måle dei kvalitative verknader av planen utover auken i tal årsverk, bustadmasse og eneromsdekning. Økonomiske innstrammingar, med kutt i stillingar og vanskar med å rekruttere til dei stillingane ein har, kan føre til at måla om større brukarmedverknad, tenester tilpassa den enkelte sitt behov og høve til personlege val, kan bli vanskelegare å nå.

Staten sine varierande/uklåre signal med omsyn til utbyggingsomfang har skapt ein del lokale frustrasjonar også i vårt fylke.

Styringa med planen har vore så effektiv at mange kommunar har flytta ressursar frå andre sektorar, mellom anna skule, til pleie- og omsorg for å imøtekommne kravet om aktivitetsauke. Det er god grunn til å spørje om dette har vore ei ønskt utvikling.

Vi ser no når planperioden er slutt og midlane er gått inn i rammeløyvinga, at kommunane syner tendens til å reversere prioriteringane, og at det vert kutta i pleie- og omsorgstenestene. Den svært vanskelege kommuneøkonomien gjer at denne reduksjonen kan få monaleg omfang, og ete opp delar av det som vart vunne i satsinga.

# 1. Innleiing

Fylkesmannen og Fylkeslegen i Sogn og Fjordane presenterer her sluttresultat og status m.m. for "Handlingsplan for eldreomsorga". Tilsvarende rapportar vert utarbeidd i alle fylka.

Ved behandlinga av Stortingsmelding 50 for 1996/97 vart tryggleik for tenestetilbod, kvalitet, heilskap, fleksibilitet, likeverd og brukarmedverknad framheva som viktige mål. Kommunane skulle med økonomiske virkemidlar settast i stand til auka kapasitet og kvalitet i pleie- og omsorgstenestene.

Staten var villig til å satse mykje på auka drift. Midlane skulle øyremerkast og resultere i 12000 nye årsverk i pleie- og omsorgstenestene. For heile landet auka driftstilskotet frå kr. 500 mill. i 1997 til kr. 3,7 milliardar i 2001.

I tillegg skulle det gjevast tilskot til bygging av 24400 sjukeheimslassar og omsorgsbustader. Kommunane skulle sjølv stå for planlegging og vurdere behovet, og søkje tilskot til utbygginga gjennom Husbanken. Denne planlegginga resulterte i eit utbyggingsvolum som langt oversteig 24400 einingar. Stortinget har teke stilling til auke i volum i samband med behandling av årsbudsjetta og kommuneopposisjonane, og har gjeve tillegg i fleire omgangar. Samla tal einingar har til slutt kome opp i om lag 40000.

I denne prosessen har kommunane hatt eit vanskeleg planarbeid, då det heile tida har vore uvisst kor mykje av deira planlagde utbygging som kunne gjennomførast innanfor handlingsplanen. Fylkesmannen og Fylkeslegen har også hatt eit vanskeleg prioriteringsarbeid underveis. Til slutt er om lag 90% av det kommunane ynskjer å byggja delfinansiert med tilskot gjennom handlingsplanen.

Det har vorte ein vesentleg communal eigendel på dei fleste prosjekta, noko som har vore økonomisk vanskeleg for dei fleste kommunane.

Målet med sluttrapporten er å oppsummere og vurdere resultata av Handlingsplanen for eldreomsorga (HPE) på kommune- og fylkesnivå. Rapporten er tenkt å vera

- ei tilbakemelding og informasjon til kommunane
- ein rapport til Sosialdepartementet og Sosial- og helsedirektoratet
- informasjon til Kommunal- og regionaldepartementet og Husbanken
- informasjon til politikarar, brukarar, organisasjonar og allmenta
- til bruk for media

## 2. Folketalsutvikling

Svært mykje av vurderinga når det gjeld behov for driftstiltak og bygging tek utgangspunkt i talet på eldre i dei eldste aldersgruppene, 80 år +. Endringar her er sentrale i planlegginga.

**Tabell 2.1 Folketal 80 år +**

Kommune	Personar 80 år og eldre 31.12 år			Endring 1997 - 2005	Endring i % 1997 - 2005	Framskri- ving - 2015	Endring i % 2005 - 2015
	1997	2001	2005				
Landet	184 413	201 341	210 723	26310	14	199 959	-5
Sogn- og Fjordane	5 723	5 907	6 014	291	5	5492	-9
Flora	396	451	467	71	18	468	0
Gulen	198	185	179	-19	-10	136	-24
Solund	95	85	70	-25	-26	59	-16
Hyllestad	140	127	107	-33	-24	79	-26
Høyanger	345	340	325	-20	-6	248	-24
Vik	219	225	232	13	6	212	-9
Balestrand	151	98	99	-52	-34	80	-19
Leikanger	123	128	125	2	2	106	-15
Sogndal	270	303	317	47	17	295	-7
Aurland	103	108	116	13	13	108	-7
Lærdal	144	155	152	8	6	126	-17
Årdal	187	260	295	108	58	357	21
Luster	372	362	354	-18	-5	275	-22
Askvoll	206	223	235	29	14	208	-11
Fjaler	188	185	192	4	2	180	-6
Gaular	193	184	190	-3	-2	153	-19
Jølster	188	180	184	-4	-2	157	-15
Førde	260	284	305	45	17	334	10
Naustdal	156	142	137	-19	-12	121	-12
Bremanger	236	260	281	45	19	294	5
Vågsøy	291	334	380	89	31	376	-1
Selje	160	180	177	17	11	166	-6
Eid	272	273	267	-5	-2	269	1
Hornindal	77	73	73	-4	-5	66	-10
Gloppen	355	363	378	23	6	308	-19
Stryn	398	399	377	-21	-5	311	-18

Det er også interessant å sjå på utviklinga i samla folketal, og i den aldersgruppa som ligg tett opp til 80-åringane. Vi har difor teke med utviklinga samla for fylket i desse gruppene.

**Tabell 2.2 Folketal i Sogn og Fjordane samla og i gruppene 67 - 79 år og 80 år +**

	31.12 1997	31.12 2001	Prognose 2005	Endring 1997-2005	%-endring 1997-2005	Prognose 2015	% endring 1997-2015
I alt	107790	107280	109403	1613	+ 1,5	113361	+ 5,2
67-79 år	10903	10241	9799	- 1104	- 10,1	11711	+ 7,4
80 år +	5723	5907	6014	291	+ 5,1	5492	- 4,0

### 2.2.1 Prosentvis utvikling på landsbasis fra 1997 til 2001, 2005 og 2015

	2001	2005	2015
67 - 79 år - endring i % fra 1997 til	- 4,6	- 10,8	+ 12,9
80 år + - endring i % fra 1997 til	+ 6,9	+ 14,0	+ 8,4

Det vert rekna med ein svak auke i samla folketal i fylket fra 1997 – 2005, med framhaldande auke i åra framover. I aldersgruppa 67 – 79 år vil det vere ein nedgang fram til 2005, men ein nokså sterk auke seinare, særleg frå år 2010 og framover. Gruppa 80 år + har ein auke på 5,1% frå 1997 til 2005, seinare går talet ned til eit nivå godt under talet i 1997.

Det som skil Sogn og Fjordane frå gjennomsnittet i landet i dei mest aktuelle aldersgruppene, er ein lågare auke i tal 80 år + frå 1997 til 2005 og ein samla nedgang frå 1997 til prognose 2015 med 4%. For landet samla viser prognosen ein auke i same tidsrom i denne gruppa på 8,4%.

For utviklinga i den enkelte kommune, sjå ”kommunearka”.

I kommunane er folketaletsutviklinga i aldersgruppa 80 år + svært ulik. Det varierer frå vekst på 58% i Årdal og 31% i Vågsøy, til reduksjon på 34% i Balestrand (m/kommuneregulering), 26% i Solund og 24% i Hyllestad.

I ein 10-årsperiode frå 2005 vil eldre 80 år + i kommunane i Sogn og Fjordane gå ned med 8,7%. Det vil verte færre eldre i 21 av 26 kommunar. Berre Årdal (+21%) og dels Førde (+10%) vil få vesentleg fleire innbyggjarar 80 år +.

### 3. Resultat – drift

#### 3.1 Øyremerka driftstilskot

Øyremerka driftstilskot (omsorgstenestetilskotet) til kommunane i Sogn og Fjordane utgjorde i 2001 kr. 99.533.000. Året før handlingsplanen tok til (1997), var driftstilskotet kr. 14.593.000. Auken er kr. 84.940.000. Omsorgstenestetilskotet skulle gå til auka bemanning og anna styrking av drifta.

Tabell 3.1: Øyremerka tilskot til pleie- og omsorgstenesta i 1997 og 2001

	Tilskot 1997	Tilskot 2001	Endring 1997-2001
Sogn- og Fjordane	14631	99533	84902
Flora	1055	7606	6551
Gulen	497	3142	2645
Solund	232	1390	1158
Hyllestad	326	1979	1653
Høyanger	858	5319	4461
Vik	532	3986	3454
Balestrand	388	1860	1472
Leikanger	343	1990	1647
Sogndal	670	5380	4710
Aurland	276	1989	1713
Lærdal	385	2277	1892
Årdal	534	4515	3981
Luster	983	5724	4741
Askvoll	519	3612	3093
Fjaler	511	3163	2652
Gaular	450	3335	2885
Jølster	496	3125	2629
Førde	653	5362	4709
Naustdal	375	2287	1912
Bremanger	587	4531	3944
Vågsøy	758	5655	4897
Selje	425	2771	2346
Eid	659	4541	3882
Hornindal	170	1256	1086
Gloppen	988	6090	5102
Stryn	961	6648	5687

Notar: Tala gjeld heile tusen kroner.

For 1997 var driftstilskotet delt i to føremål - omsorgstenestetilskot og døgntenenestetilskot. Desse vart slegne sama til eitt driftstilskot og kalla omsorgstenestetilskot.

### **3.1.1 Skjønnstilskot**

I tillegg til omsorgstenestetilskotet fekk Sogn og Fjordane i 2001 kr. 7.970.000 i skjønnstilskot innan handlingsplanen.

- 10 kommunar fekk mellom kr. 100.000 og kr. 1.000.000 for tidlegare større utbygging av institusjonar og omsorgsbustader
- 11 kommunar fekk mellom kr. 300.000 og kr. 400.000 pga. lågt tenestenivå – for å opprette nye årsverk
- det vart nytta kr. 170.000 til felles kompetanseheving – opplæring for ufaglærde og etterutdanning for omsorgsarbeidarar og hjelpepleiarar

Det meste av desse midlane vart overført til fylkesmannen sin ordinære skjønnspott frå 2002, og fordelt vidare til kommunane.

**Tabell 3.1.1 Kommunevis deling av skjønnstilskotet**

Kommune	Sum 1000 kr.	Tidlegare utbygging	Lågt tenestenivå
Gulen	500	500	
Solund	600	200	400
Hyllestad	550	200	350
Vik	800	800	
Balestrand	400		400
Leikanger	440	100	340
Fjaler	540	200	340
Gaular	340		340
Jølster	300		300
Førde	600	600	
Naustdal	600	300	300
Hornindal	350		350
Gloppen	1340	1000	340
Stryn	440	100	340
Sum	7800	4000	3800

### **3.1.2 Nye årsverk i pleie- og omsorgstenestene**

Det var eit krav at øyremerka driftstilskot, inkludert skjønnstilskot pga. lågt tenestenivå, skulle gå til nye driftstiltak. Dette galdt særleg nye årsverk innan pleie- og omsorgstenesta. Det var ei spesiell rapporteringa på dette i januar kvart år av handlingsplanen.

I handlingsplanperioden hadde kommunane ikkje høve til å ”skjere ned” på tal stillingar innan pleie- og omsorgstenesta - td. ved budsjettsaldoering. Alle kommunane fekk godkjent auka aktivitet som grunnlag for overføring av fullt driftstilskot.

Ved utgangen av handlingsplanperioden har vi ved bruk av offentleg statistikk rekna ut kor mange nye årsverk som vart oppretta i kommunane i tida 1998 til 2001. Denne statistikken byggjer på kommunane si eiga rapportering til SSB.

Ut frå denne statistikken har det blitt oppretta 281 nye årsverk i kommunane i Sogn og Fjordane. Deler vi dette ut på summen som er gjeve i omsorgstenestetilskot (kr. 84.940.000) og skjønnstilskot til nye årsverk (kr. 3.8 mill.), vert summen pr. årsverk kr. 315.800.

**Tabell 3.1.2 Resultat årsverk 1997 - 2001 og dekning av årsverk i høve til tal eldre 80år +**

<b>Kommune</b>	<b>Dekninggrad</b>		<b>Tal årsverk i pleie- og omsorgstenesta</b>		<b>Tal 80 år+</b>	
	<b>1997</b>	<b>2001</b>	<b>SSB 1997</b>	<b>SSB/KOSTRA 2001</b>	<b>1997</b>	<b>2001</b>
Landet	43	46	79 435	92 553	184 413	201 341
Sogn- og Fjordane	44	47	2 508	2 789	5 723	5 907
Flora	59	54	232	244	396	451
Gulen	40	50	80	93	198	185
Solund	32	41	30	35	95	85
Hyllestad	35	44	48	56	140	127
Høyanger	40	35	138	120	345	340
Vik	47	42	102	96	219	225
Balestrand	81	114	122	111	151	98
Leikanger	30	30	36	38	123	128
Sogndal	35	38	94	115	270	303
Aurland	57	65	59	70	103	108
Lærdal	41	28	60	43	144	155
Årdal	63	60	118	155	187	260
Luster	46	50	171	182	372	362
Askvoll	42	39	86	86	206	223
Fjaler	45	53	85	98	188	185
Gaular	37	39	72	72	193	184
Jølster	41	47	78	84	188	180
Førde	43	58	112	165	260	284
Naustdal	34	56	52	80	156	142
Bremanger	44	45	103	116	236	260
Vågsøy	43	50	125	168	291	334
Selje	43	43	69	78	160	180
Eid	41	43	113	117	272	273
Hornindal	36	40	28	29	77	73
Gloppen	43	50	154	181	355	363
Stryn	35	40	140	158	398	399

Notar:

Dekningsgrad er tal årsverk i heile pleie- og omsorgstenesta delt på tal innbyggjarar 80 år + i kommunane

Ved lesing av statistikken må ein ta omsyn til at rapporteringa frå kommunane til SSB ikkje alltid har vore like sikker, og den har variert frå år til år. Dette kan forklare nokre av dei endringane som verkar minst sannsynlege i tabellen.

### 3.1.4 Bruk av øyremerka tilskot og aktivitetskrav

Krav til ny aktivitet og kontroll med at kommunane følgde krava har vore sterke. Ut frå rapporteringa frå kommunane, kontroll av rekneskap og budsjett og dei tala som kjem fram frå SSB, verkar det som aktivitetskrava vart rimeleg godt oppfølgde i handlingsplanperioden. Summen vart lagt inn i rammeoverføringa til kommunane frå 2002.

Kommunane står no fritt til å vurdere pleie- og omsorgstenesta på linje med andre tenester i kommunen, noko dei ikkje kunne gjera dei siste 4 åra pga. aktivitetskrava. Signal om store nedskjeringsbehov i samband med budsjett 2003, kan komme til å ramme pleie- og omsorgstenesta hardt i ein del kommunar.

## 4. Resultat – investering

### 4.1 Investering i institusjonsplassar og omsorgsbustader, tilsegner frå Husbanken

Kommunane i Sogn og Fjordane har i tidsrommet 1997 til 2002 fått tilsegn om tilskot til 534 omsorgsbustader og 748 sjukeheimspllassar. 8 sjukeheimspllassar i Gloppen har falle ut av statistikken, og kjem i tillegg.

I vårt fylke er det gjeve tilsegner frå Husbanken om tilskot til sjukeheimspllassar og omsorgsbustader som tilsvarer 22 einingar pr. 100 eldre 80 år+. Dette er noko over landsgjennomsnittet som er 19.

Av 534 tilsegner om tilskot til omsorgsbustader, gjeld 40 ombygging frå aldersheimar, 6 ombygging av sjukeheim, resten er nybygg. Av 756 sjukeheimspllassar er 494 i heilt ny bygningsmasse, resten gjeld utbetring. Mykje eldre bygningsmasse er gått med til sanering og til ombygging frå fleirsengsrom til einerom.

**Tabell 4.1 Tilsegner frå Husbanken 1997 – 2002**

Overslag Husbanktilsegner 1997- 2002				
Kommune	Tal tilsegner pr 100 innb 80 år+	Tal tilsegner sjukeheim og omsorgsbustad	Av dette omsorgs- bustader	Av dette sjukeheim
Landet	19			
Sogn- og Fjordane	22	1 282	534	748
Flora	21	100	59	41
Gulen	17	31	19	12
Solund	32	22	2	20
Hyllestad	27	28	0	28
Høyanger	32	101	37	64
Vik	6	14	12	2
Balestrand	42	49	23	26
Leikanger	26	33	0	33
Sogndal	24	63	63	0
Aurland	29	34	4	30
Lærdal	23	34	5	29
Årdal	24	73	54	19
Luster	22	74	9	65
Askvoll	23	54	26	28
Fjaler	22	42	17	25
Gaular	23	41	18	23
Jølster	22	38	25	13
Førde	27	83	11	72
Naustdal	21	28	6	22
Bremanger	31	87	18	69
Vågsøy	22	83	40	43
Selje	30	54	6	48
Eid	9	24	24	0
Hornindal	23	17	4	13
Gloppen	4	17	9	8

## 4.2 Samla tilbod i institusjonar og omsorgsbustader

I 1997 var samla tal aldersheimplassar, sjukeheimplassar og omsorgsbustader 1591 i Sogn og Fjordane. Dette vil, med dei planane som føreligg, auka til 1969 i 2005. Tal sjukeheimspllassar vil auka med 180. Samstundes vart aldersheimane redusert med 348 plassar. Ein står då att med 1299 institusjonspllassar. I same tidsrom auka aldersgruppa 80 år + med knapt 300, slik at resultatet vert ein nedgang i dekningsgraden i institusjon frå 25,6 til 21,6 frå 1997 til 2005. Auken på 546 omsorgsbustader gjer at samla dekningsgrad vil gå opp frå 27,8 til 32,7 i same tidsrom.

Av samla tal einingar er 66% i institusjon, av dette 63,4% i sjukeheim, resten i aldersheim. 34% er omsorgsbustader. Sogn og Fjordane har ein noko høgre del av tilboden innanfor institusjon, og lågare for omsorgsbustader enn samla for landet.

**Tabell 4.2 Samla tilbod i institusjonar og omsorgsbustader 1997 - 2005**

	Inst.passer og oms.bustader			Omsorgs-	Dekning	Institusj.	Dekning	Folketal
	Samla deknинг	Tal	Tal	bustader	Oms.bu.	plassar	inst.pl.	
Kommune	1997	2005	1997	2005	2005	2005	2005	2005
Landet	26,4	32,5	49 085	69 200	26 000	12,0	43200	20,5
Sogn- og Fjordane	27,8	32,7	1 591	1 969	670	11,1	1299	21,6
Flora	27,3	28,5	108	133	67	14,4	66	14,1
Gulen	35,4	45,3	70	81	35	19,6	46	25,7
Solund	31,6	37,1	30	26	6	8,6	20	28,5
Hyllestad	23,6	36,4	33	39	6	5,6	33	30,8
Høyanger	25,5	31,1	88	101	37	11,4	64	19,7
Vik	27,4	35,3	60	82	12	5,2	70	30,1
Balestrand	27,2	37,4	41	37	11	11,1	26	26,3
Leikanger	24,4	29,6	30	37	4	3,2	33	26,4
Sogndal	25,2	30,3	68	96	63	19,9	33	10,4
Aurland	33	29,3	34	34	4	3,4	30	25,9
Lærdal	31,9	33,6	46	51	5	3,3	46	30,3
Årdal	36,9	38,6	69	114	54	18,3	60	20,3
Luster	23,7	32,5	88	115	23	6,5	92	26,0
Askvoll	23,8	30,6	49	72	24	10,2	48	20,4
Fjaler	25,5	33,3	48	64	28	14,5	36	18,8
Gaular	29	31,1	56	59	18	9,5	41	21,6
Jølster	25	37	47	68	25	13,6	43	23,4
Førde	35	36,4	91	111	39	12,8	72	23,6
Naustdal	27,6	30,7	43	42	6	4,4	36	26,3
Bremanger	27,1	31	64	87	18	6,4	69	24,6
Vågsøy	41,9	31,8	122	121	78	20,5	43	11,3
Selje	19,4	30,5	31	54	6	3,4	48	27,1
Eid	25	33,7	68	90	29	10,9	61	22,8
Hornindal	32,5	37	25	27	4	5,5	23	31,5
Gloppen	23,4	23,3	83	88	20	5,3	68	18,0
Stryn	24,9	37,1	99	140	48	12,7	92	24,4
								377

### 4.3 Eineromsdekkning

Ei sentral målsetting i handlingsplanen var tilbod om einerom i institusjon for alle som ynskjer det.

Med den utbygginga som er planlagt og som det er gjeve tilsegn om frå Husbanken, vil delen av rom i institusjon som er einerom auke frå 81% i 1997 til 99% i 2005 her i fylket. Tilsvarande tal for landet er 83 og 97%.

Dekninga i kommunane i Sogn og Fjordane varierar mellom 89 og 100%.

**Tabell 4.3 Einerom i institusjon før handlingsplanen, og planlagt i 2005**


K. nr	Kommune	Del av rom i institusjon som er einerom	
		1997	2005
	Landet	83	97
	Sogn- og Fjordane	81	99
1401	Flora	83	100
1411	Gulen	65	95
1412	Solund	82	100
1413	Hyllestad	83	100
1416	Høyanger	72	100
1417	Vik	95	97
1418	Balestrand	79	100
1419	Leikanger	82	100
1420	Sogndal	86	100
1421	Aurland	69	100
1422	Lærdal	98	98
1424	Årdal	95	100
1426	Luster	77	100
1428	Askvoll	71	98
1429	Fjaler	91	100
1430	Gaular	83	100
1431	Jølster	88	100
1432	Førde	73	100
1433	Naustdal	77	94
1438	Bremanger	75	100
1439	Vågsøy	76	100
1441	Selje	60	100
1443	Eid	89	100
1444	Hornindal	86	100
1445	Gloppen	87	89
1449	Stryn	76	95



## 1A. Folketalsutvikling

	1997	2001	2005 progn.	Endring 97 - 05	%-endr. 97 - 05
I alt	11050	11323	11789	739	6,7
67 - 79 år	893	865	857	-36	-4,0
80 år +	396	451	467	71	17,9

## 1B: Folketalsutviklinga for eldre i Flora - grafisk framstilling



Flora er ein av kommunane i fylket med aukande folketal. Særleg er auken stor i dei eldste aldersgruppene. 80 år + aukar med 17,9% frå 1997 til 2005, noko som set store krav til ressurstilgang innan eldreomsorga

## 2A. Tal institusjonsplassar og omsorgsbustader 1997 og 2005 - dekningsgrad \*)

	Sum einingar	Sjukeh. plassar	Dekn.gr. sjukeh.	Aldersh. plassar	Dekn.gr. ald.heim	Oms.- bu.	Dekn.gr. oms.bu.	Sum dekn. grad	Dekn.gr. fylket	Dekn.gr. landet
1997	108	80	20,2	28	7,1	0	0	27,3	27,8	26,6
2005	133	66	14,1	0	0	67	14,4	28,5	32,7	32,5
Endring	25	-14	-6,1	-28	-7,1	67	14,4	1,2	4,9	5,9

\*) Dekningsgrad = einingar pr. 100 eldre 80 år +

Einingar = tal institusjonsplassar pluss omsorgsbustader bygt frå og med 1994

Kommunen har gjennom handlingsplanperioden og fram til år 2005 lagt opp til ei stor omlegging av institusjons/bustadtilbodet. Frå ein dekningsgrad på 27,3 i sjukeheimar og aldersheimar, går institusjonsdekningsgraden ned til 14,4 i 2005. I same tidsrom vil 67 nye omsorgsbustader få samla dekningsgrad opp i 28,5 i 2005.

## 2B. Prosjekt med tilskot i Flora kommune

Flora omsorgssenter	41 sjukeheimslassar
Docen,	21 omsorgsbustader
Kleiva, Florø	4 omsorgsbustader
Eikefjord omsorgsbustader	20 omsorgsbustader
Havreneset	14 omsorgsbustader
Sum med tilsegn frå Husbanken	100 einingar

Flora har satsa på bygging av omsorgsbustader og nye sjukeheimslassar der Flora aldersheim låg.

## 3. Årsverk i pleie- og omsorgstenestene 1997 - 2001 med dekningsgrad \*)

	Sum årsverk	Dekningsgrad 80 år +	Deknings- grad fylke	Deknings- grad landet
1997	232	59	44	43
2001	244	54	47	46


\*) Dekningsgrad = årsverk i pleie- og omsorgstenesta pr. 100 eldre 80 år +

Kommunen har ein auke i talet årsverk frå 1997 til 2001. Flora sin dekningsgrad ligg høgt over fylkessnittet i 1997. Dekningsgraden er noko redusert i 2001, men ligg framleis godt over gjennomsnittet i fylket. Den høge dekningsgraden kan truleg forklaast med ekstra ressursbruk pga. rollen som tidlegare vertskommune for psykisk utviklingshemma, og gje ikkje nødvendigvis uttrykk for høg dekning på dei andre gruppene (eldre/funksjonshemma) innan pleie- og omsorgstenesta.

## 4. Eineromsdekning

Del av rom i institusjonar som er einerom	
1997	83 %
2005	100 %


Eit av måla i handlingsplanen var å kunne tilby einerom til alle som ynskjer det. Flora kommune vil etter planane ha full dekning i 2005.



## 1A. Folketalsutvikling

	1997	2001	2005 progn.	Endring 97 - 05	%-endr. 97 - 05
I alt	2501	2473	2502	1	0,0
67 - 79 år	289	258	245	-44	-15,2
80 år +	198	185	179	-19	-9,6

## 1B: Folketalsutviklinga for eldre i Gulen - grafisk framstilling



Gulen kommune heldt eit jamnt folketal totalt, medan aldersgruppene 67-79 og 80 år + har stor nedgang.

## 2A. Tal institusjonsplassar og omsorgsbustader 1997 og 2005 - dekningsgrad \*)

	Sum eininger	Sjukeh. plassar	Dekn.gr. sjukeh.	Aldersh. plassar	Dekn.gr. ald.heim	Oms.-bu.	Dekn.gr. oms.bu.	Sum dekn. grad	Dekn.gr. fylket	Dekn.gr. landet
1997	70	22	11,1	36	18,2	12	6,1	35,4	27,8	26,6
2005	81	38	21,2	8	4,5	35	19,6	45,3	32,7	32,5
Endring	11	16	10,1	-28	-13,7	23	13,5	9,9	4,9	5,9

\*) Dekningsgrad = eininger pr. 100 eldre 80 år +

Einingar = tal institusjonsplassar pluss omsorgsbustader bygt frå og med 1994

Kommunen har gjennom handlingsplanperioden og fram til 2005 lagt opp til 11 fleire eininger i institusjon og omsorgsbustader i høve til 1997. Saman med ein nedgang i tal eldre 80 år +, har dette auka dekningsgraden med 9,9 i denne perioden. Dekningsgraden samla vil i 2005 ligge 12,6 over fylkessnittet.

## 2B. Prosjekt med tilskot i Gulen kommune

Byrknes alderstun	5 omsorgsbustader
Eivindvik eldretun	12 omsorgsbustader
Dalsøyra, omsorgsbustader	2 omsorgsbustader
Gulen sjukeheim	1 sjukeheims plass
Gulen sjukeheim, aldersdemente	11 sjukeheims plassar
Sum med tilsegn frå Husbanken	<b>31 einingar</b>

Kommunen har satsa på omsorgsbustader i bygdelaga og å betre tilbodet for aldersdemente i institusjon. Dekninga både på sjukeheims plassar og omsorgsbustader er høg.

### 3. Årsverk i pleie- og omsorgstenestene 1997 - 2001 med dekningsgrad \*)

	Sum årsverk	Dekningsgrad 80 år +	Deknings- grad fylke	Deknings- grad landet
1997	80	40	44	43
2001	93	50	47	46


\*) Dekningsgrad = årsverk i pleie- og omsorgstenesta pr. 100 eldre 80 år +

Gulen har auke i talet på årsverk i planperioden. Kommunen har personelldekning litt under fylkessnittet i 1997, litt over i 2001.

### 4. Eineromsdekning

Del av rom i institusjonar som er einerom	
1997	65 %
2005	95 %


Eit av måla i handlingsplanen var å kunne tilby einerom til alle som ønskjer det. Gulen kommune vil etter planane ha nær full dekning i 2005.



## 1A. Folketalsutvikling

	1997	2001	2005 progn.	Endring 97 - 05	%-endr. 97 - 05
I alt	1024	921	936	-88	-8,6
67 - 79 år	126	109	107	-19	-15,1
80 år +	95	85	70	-25	-26,3

## 1B: Folketalsutviklinga for eldre i Solund- grafisk framstilling



Solund kommune har relativ stor nedgang i samla folketal og særleg i dei eldste aldersgruppene. Nedgangen i tal eldre over 80 år vil halde fram, og i 2015 er prognosens 59 i denne aldersgruppa.

## 2A. Tal institusjonsplassar og omsorgsbustader 1997 og 2005 - dekningsgrad \*)

	Sum eininger	Sjukeh. plassar	Dekn.gr. sjukeh.	Aldersh. plassar	Dekn.gr. ald.heim	Oms.- bu.	Dekn.gr. oms.bu.	Sum dekn. grad	Dekn.gr. fylket	Dekn.gr. landet
1997	30	14	14,7	12	12,6	4	4,2	31,5	27,8	26,6
2005	26	20	28,5	0	0	6	8,6	37,1	32,7	32,5
Endring	-4	6	13,8	-12	-12,6	2	4,4	5,6	4,9	5,9

\*) Dekningsgrad = eininger pr. 100 eldre 80 år +

Einingar = tal institusjonsplassar pluss omsorgsbustader bygt frå og med 1994

Kommunen har gjennom handlingsplanperioden og fram til 2005 lagt opp til ein samla reduksjon på 6 institusjonsplassar. Talet på omsorgsbustader aukar med 2, og tal eldre 80 år + har sterk nedgang. Dekningsgraden samla går opp, og ligg litt over gjennomsnittet for landet og fylket. Dette ser vi som naturleg med den geografien og folkesetnaden som er i kommunen.

## 2B. Prosjekt med tilskot i Solund kommune

Solund bustadstifting; Hardbakke	2 omsorgsbustader
Solundheimen	20 sjukeheims plassar
Sum med tilsegn frå Husbanken	<b>22 eininger</b>

Solund har prioritert opprustning av institusjonen på Hardbakke. Det er naturleg, ut frå geografiske tilhøve, at kommunen har ei høg institusjonsdekning.

### 3. Årsverk i pleie- og omsorgstenestene 1997 - 2001 med dekningsgrad \*)

	Sum årsverk	Dekningsgrad 80 år +	Deknings- grad fylke	Deknings- grad landet
1997	30	32	44	43
2001	35	41	47	46

\*) Dekningsgrad = årsverk i pleie- og omsorgstenesta pr. 100 eldre 80 år +

Kommunen har ein auke i talet på årsverk frå 1997 til 2001. Solund kommune sin dekningsgrad låg godt under fylkessnittet i 1997, og har i 2001 framleis lågare dekning enn gjennomsnittet i fylket.

### 4. Eineromsdekning

Del av rom i institusjonar som er einerom	
1997	82 %
2005	100 %


Eit av måla i handlingsplanen var å kunne tilby einerom til alle som ønskjer det. Solund kommune vil etter planane ha full dekning i 2005.



26.11.2002

1413


**HYLLESTAD  
KOMMUNE**



## 1A. Folketalsutvikling

	1997	2001	2005 progn.	Endring 97 - 05	%-endr. 97 - 05
I alt	1631	1528	1530	-101	-6,2
67 - 79 år	172	151	158	-14	-8,1
80 år +	140	127	107	-33	-23,6

## 1B: Folketalsutviklinga for eldre i Hyllestad grafisk framstilling



Hyllestad kommune har relativ stor nedgang i samla folketal. For dei eldste aldersgruppene er nedgangen vesentleg frå 1997 til 2001. Det flater så ut fram mot 2005, men i ein 10-årsperiode fram mot 2015 vil det skje ei stor endring. Aldersgruppa 67 - 79 vil ifølgje prognosene då auke til 232, medan talet 80 år + vil gå dramatiske ned - til 79 personar.

## 2A. Tal institusjonsplassar og omsorgsbustader 1997 og 2005 - dekningsgrad \*)

	Sum eininger	Sjukeh. plassar	Dekn.gr. sjukeh.	Aldersh. plassar	Dekn.gr. ald.heim	Oms.- bu.	Dekn.gr. oms.bu.	Sum dekn. grad	Dekn.gr. fylket	Dekn.gr. landet
1997	33	16	11,4	11	7,9	6	4,3	23,6	27,8	26,6
2005	39	33	30,8	0	0	6	5,6	36,4	32,7	32,5
Endring	6	17	19,4	-11	-7,9	0	1,3	12,8	4,9	5,9

\*) Dekningsgrad = eininger pr. 100 eldre 80 år +

Einingar = tal institusjonsplassar pluss omsorgsbustader bygt frå og med 1994

Kommunen har gjennom handlingsplanperioden og fram til 2005 lagt opp til ein samla auke på 6 institusjonsplassar. Talet på omsorgsbustader er uendra, og tal eldre 80 år + har sterkt nedgang. Dekningsgraden samla går såleis opp, og ligg litt over gjennomsnittet for landet og fylket.

## **2B. Prosjekt med tilskot i Hyllestad kommune**

Eikelund - Hyllestad sjukeheim, nybygg	24 sjukeheims plassar
Eikelund - Hyllestad sjukeheim, utbetring	4 sjukeheims plassar
Sum med tilsegn fra Husbanken	<b>28 einingar</b>

Hyllestad kommune har i handlingsperioden satsa på nybygg og opprustning av sjukeheimen, og har god dekning på institusjonssida.

### **3. Årsverk i pleie- og omsorgstenestene 1997 - 2001 med dekningsgrad \*)**

	Sum årsverk	Dekningsgrad 80 år +	Deknings- grad fylke	Deknings- grad landet
1997	48	34	44	43
2001	56	44	47	46

\*) Dekningsgrad = årsverk i pleie- og omsorgstenesta pr. 100 eldre 80 år +

Kommunen har auka talet på årsverk i planperioden, og ligg tett opp mot fylkessnittet i 2001.

### **4. Eineromsdekkning**

Del av rom i institusjonar som er einerom	
1997	83 %
2005	100 %


Eit av måla i handlingsplanen var å kunne tilby einerom til alle som ønskjer det.  
Hyllestad kommune vil etter planane ha full dekning i 2005.





1416


# HØYANGER KOMMUNE



## 1A. Folketalsutvikling

	1997	2001	2005 progn.	Endring 97 - 05	%-endr. 97 - 05
I alt	4778	4632	4723	-55	-1,2
67 - 79 år	543	469	432	-111	-20,4
80 år +	345	340	325	-20	-5,8

## 1B: Folketalsutviklinga for eldre i Høyanger - grafisk framstilling



Høyanger kommune har liten endring i samla folketal i perioden 1997 til 2005.

Det er ein svak nedgang i dei eldste aldersgruppene, medan gruppa 67 - 79 år har over 20% nedgang. Denne nedgangen vil halde fram i ein del år, og medfører på sikt ytterlegare nedgang i gruppene 80 år og eldre.

## 2A. Tal institusjonsplassar og omsorgsbustader 1997 og 2005 - dekningsgrad \*)

	Sum einingar	Sjukeh. plassar	Dekn.gr. sjukeh.	Aldersh. plassar	Dekn.gr. ald.heim	Oms.- bust.	Dekn.gr. oms.bu.	Sum dekn. grad	Dekn.gr. fylket	Dekn.gr. landet
1997	88	69	20	19	5,5	0	0	25,5	27,8	26,6
2005	101	64	19,7	0	0	37	11,4	31,1	32,7	32,5
Endring	13	-5	-0,3	-19	-5,5	37	11,1	5,6	4,9	5,9

\*) Dekningsgrad = einingar pr. 100 eldre 80 år +

Einingar = tal institusjonsplassar pluss omsorgsbustader bygt frå og med 1994

Kommunen har gjennom handlingsplanperioden og fram til år 2005 lagt opp til ei omlegging av institusjons/bustadtilbodet. Frå ein dekningsgrad i 1997 på 25,5 i sjukeheimar og aldersheimar, har institusjonsdekningsa gått ned til 19,7 i 2005. I same tidsrom vil 37 nye omsorgsbustader føre til samla dekningsgrad på 31,1 i 2005. På sikt vil denne dekningsgraden auke i høve til personar på 80 år +, då det blir færre i denne aldersgruppa.

## 2B. Prosjekt med tilskot i Høyanger kommune

Høyanger sentrum	26 omsorgsbustader
Høyanger Sørsida	4 omsorgsbustader
Høyanger sentrum	7 omsorgsbustader
Høyanger	40 sjukeheim
Kyrkjebø, utbetring	24 sjukeheim
Sum med tilsegn fra Husbanken	<b>101 einingar</b>

I tillegg kjem 2 omsorgsbustader innan psykisk helse i Lavik. Kommunen prioriterer både sjukeheims- og omsorgsbustadbygging.

## 3. Årsverk i pleie- og omsorgstenestene 1997 - 2001 med dekningsgrad \*)

	Sum årsverk	Dekningsgrad 80 år +	Deknings- grad fylke	Deknings- grad landet
1997	138	40	44	43
2001	120	35	47	46

\*) Dekningsgrad = årsverk i pleie- og omsorgstenesta pr. 100 eldre 80 år +

Høyanger ligg ifølgje dei tala som kommunen har rapport inn til SSB/Kostra, godt under gjennomsnittet for fylket og landet. Dette gjeld særleg for 2001.

## 4. Eineromsdekkning

Del av rom i institusjonar som er eimerom	
1997	72 %
2005	100 %

Eit av måla i handlingsplanen var å kunne tilby eimerom til alle som ønskjer det. Høyanger vil etter planane ha full dekning i 2005.





1417


**VIK  
KOMMUNE**



## 1A. Folketalsutvikling

	1997	2001	2005 progn.	Endring 97 - 05	%-endr. 97 - 05
I alt	3023	2915	2840	-183	-6,1
67 - 79 år	424	400	358	-66	-15,6
80 år +	219	225	232	13	5,9

## 1B: Folketalsutviklinga for eldre i Vik grafisk framstilling



Vågsøy kommune har satsa på eit nytt, stort prosjekt - "Kulen" - med 67 einingar, 35 sjukeheimspllassar og 32 omsorgsbustader. Den gamle sjukeheimen vert nedlagt. Bryggja aldersheim er planlagt opprusta, og får 8 nye sjukeheimspllassar. Raudeberg har fått 8 omsorgsbustader.

## **3. Årsverk i pleie- og omsorgstenestene 1997 - 2001 med dekningsgrad \*)**


	Sum årsverk	Dekningsgrad 80 år +	Deknings- grad fylke	Deknings- grad landet
1997	125	43	44	43
2001	168	50	47	46

\*) Dekningsgrad = årsverk i pleie- og omsorgstenesta pr. 100 eldre 80 år +

Vågsøy kommune har ein dekningsgrad litt over gjennomsnittet for fylket i 2001.

## **4. Eineromsdekkning**


Del av rom i institusjonar som er einerom	
1997	76 %
2005	100 %



## 1A. Folketalsutvikling

	1997	2001	2005 progn.	Endring 97 - 05	%-endr. 97 - 05
I alt	3169	3037	3098	-71	-2,2
67 - 79 år	340	301	293	-47	-13,8
80 år +	160	180	177	17	10,6

## 1B: Folketalsutviklinga for eldre i Selje grafisk framstilling



Selje kommune har samla eit nokså stabilt folketal. Aldersgruppa 67 - 79 år har ein jamn nedgang, men vil auke på lang sikt. Gruppa 80 år + har ein auke frå 1997 til 2001 og flater så ut. På lengre sikt vil det vere ein svak nedgang i denne gruppa.

## 2A. Tal institusjonsplassar og omsorgsbustader 1997 og 2005 - dekningsgrad \*)

	Sum eininger	Sjukeh. plassar	Dekn.gr. sjukeh.	Aldersh. plassar	Dekn.gr. ald.heim	Oms.- bu.	Dekn.gr. oms.bu.	Sum dekn. grad	Dekn.gr. fylket	Dekn.gr. landet
1997	31	31	19,4	0	0	0	0	19,4	27,8	26,6
2005	54	48	27,1	0	0	6	3,4	30,5	32,7	32,5
Endring	23	17	7,7	0	0	6	3,4	11,1	4,9	5,9

\*) Dekningsgrad = eininger pr. 100 eldre 80 år +

Einingar = tal institusjonsplassar pluss omsorgsbustader bygt frå og med 1994

Selje kommune hadde ein låg dekningsgrad samanlikna med fylkessnittet i 1997. Her må ein likevel ta med at eldretuna på Stadlandet, Flatraket og Selje ikkje er talt med, jfr. definisjonen av "dekningsgrad" ovanfor. Desse eldretuna er framleis i bruk. Dekningsgraden i 2005 er rekna ut etter 48 sjukeheimsplassar, berre 32 er tekne i bruk til no. Det har hittil ikkje vore mogeleg å "selje" desse plassane til nabokommunar.

## 2B. Prosjekt med tilskot i Selje kommune

Selje (ramme på)	6 omsorgsbustader
Selje sjukeheim	48 sjukeheimslassar
Sum med tilsegn frå Husbanken	<b>54 einingar</b>

Selje kommune har satsa mykje på ein ny sjukeheim i sentrum.

## 3. Årsverk i pleie- og omsorgstenestene 1997 - 2001 med dekningsgrad \*)

	Sum årsverk	Dekningsgrad 80 år +	Deknings- grad fylke	Deknings- grad landet
1997	69	43	44	43
2001	78	43	47	46

\*) Dekningsgrad = årsverk i pleie- og omsorgstenesta pr. 100 eldre 80 år +

Selje kommune har ein dekningsgrad litt under gjennomsnittet for fylket.

## 4. Eineromsdekkning

Del av rom i institusjonar som er einerom	
1997	60 %
2005	100 %


Eit av måla i handlingsplanen var å kunne tilby einerom til alle som ønskjer det.

Selje kommune vil ha full dekkning i 2005.



1443


**EID**  
KOMMUNE



## 1A. Folketalsutvikling

	1997	2001	2005 progn.	Endring 97 - 05	%-endr. 97 - 05
I alt	5804	5758	6182	378	6,5
67 - 79 år	507	489	494	-13	-2,6
80 år +	272	273	267	-5	-1,8

## 1B: Folketalsutviklinga for eldre i Eid grafisk framstilling



Eid kommune har ein pårekna auke i samla folketal fram mot 2005. Det er små endringar i aldersgruppene 67 - 79 år og 80 år +. Denne trenden vil halde fram for gruppa 80 + i ein 10-årsperiode etter 2005, medan aldersgruppa 67 - 79 år vil ha ein relativ stor auke.

## 2A. Tal institusjonsplassar og omsorgsbustader 1997 og 2005 - dekningsgrad \*)

	Sum einingar	Sjukeh. plassar	Dekn.gr. sjukeh.	Aldersh. plassar	Dekn.gr. ald.heim	Oms.- bu.	Dekn.gr. oms.bu.	Sum dekn. grad	Dekn.gr. fylket	Dekn.gr. landet
1997	68	68	25	0	0	0	0	25	27,8	26,6
2005	90	61	22,8	0	0	29	10,9	33,7	32,7	32,5
Endring	22	-7	-2,2	0	0	29	10,9	8,7	4,9	5,9

\*) Dekningsgrad = einingar pr. 100 eldre 80 år +

Einingar = tal institusjonsplassar pluss omsorgsbustader bygt frå og med 1994

Eid kommune har ein dekningsgrad på litt under fylkessnittet i 1997, litt over i 2005.

## 2B. Prosjekt med tilskot i Eid kommune

Elvebøen 1	10 omsorgsbustader
Elvebøen 2	14 omsorgsbustader
Kirsebærhagen	4 omsorgsbustader
Sum med tilsegn fra Husbanken	<b>24 eininger</b>

Eid kommune har i planperioden satsa på omsorgsbustader i sentrum og Kjølsdalen.

### 3. Årsverk i pleie- og omsorgstenestene 1997 - 2001 med dekningsgrad \*)

	Sum årsverk	Dekningsgrad 80 år +	Deknings- grad fylke	Deknings- grad landet
1997	113	42	44	43
2001	117	43	47	46

\*) Dekningsgrad = årsverk i pleie- og omsorgstenesta pr. 100 eldre 80 år +

Eid kommune har ein liten auke i dekningsgraden frå 1997 til 2001. Kommunen sine årsverk i pleie-omsorgstenesta pr. 100 eldre 80 år +, ligg likevel under gjennomsnittet for kommunane i fylket.


### 4. Eineromsdekkning

Del av rom i institusjonar som er einerom	
1997	89 %
2005	100 %

Eit av måla i handlingsplanen var å kunne tilby einerom til alle som ønskjer det.

Eid kommune vil ha full dekning i 2005.






## 1A. Folketalsutvikling

	1997	2001	2005 progn.	Endring 97 - 05	%-endr. 97 - 05
I alt	1206	1197	1227	21	1,7
67 - 79 år	143	129	129	-14	-9,8
80 år +	77	73	73	-4	-5,2

## 1B: Folketalsutviklinga for eldre i Hornindal grafisk framstilling



Det er liten endring i samla folketal i kommunen. Det er ein nedgang for gruppa 67 - 79 år fram til 2001, medan tal eldre 80 år + er stabilt etter 2001. På lengre sikt vil det vere ein liten nedgang i den eldste gruppa.

## 2A. Tal institusjonsplassar og omsorgsbustader 1997 og 2005 - dekningsgrad \*)

	Sum einingar	Sjukeh. plassar	Dekn.gr. sjukeh.	Aldersh. plassar	Dekn.gr. ald.heim	Oms.- bu.	Dekn.gr. oms.bu.	Sum dekn. grad	Dekn.gr. fylket	Dekn.gr. landet
1997	25	13	16,9	12	15,6	0	0	32,5	27,8	26,6
2005	27	23	31,5	0	0	4	5,5	37	32,7	32,5
Endring	2	10	14,6	-12	-15,6	4	5,5	4,5	4,9	5,9

\*) Dekningsgrad = einingar pr. 100 eldre 80 år +

Einingar = tal institusjonsplassar pluss omsorgsbustader bygt frå og med 1994

Hornindal kommune ligg godt over gjennomsnittet i dekningsgrad både i 1997 og 2005.

Institusjonsdekningsgraden er høgast i fylket.

## **2B. Prosjekt med tilskot i Hornindal kommune**

Grodås	4 omsorgsbustader
Hornindal sjuke- og aldersheim	4 sjukeheimslassar
Hornindal sjuke- og aldersheim, utbetring	9 sjukeheimslassar
Sum med tilsegn frå Husbanken	<b>17 einingar</b>

Kommunen har satsa på eit mindre tilbygg på sjukeheimen, og ombygging av aldersheimen til 9 sjukeheimslassar. I tillegg kjem tilsegn om 4 omsorgsbustader nær sentrum.

### **3. Årsverk i pleie- og omsorgstenestene 1997 - 2001 med dekningsgrad \*)**

	Sum årsverk	Dekningsgrad 80 år +	Deknings- grad fylke	Deknings- grad landet
1997	28	36	44	43
2001	29	40	47	46


\*) Dekningsgrad = årsverk i pleie- og omsorgstenesta pr. 100 eldre 80 år +

Hornindal kommune har ein auke i dekningsgrad frå 1997 til 2001. Dekningsgraden ligg likevel under gjennomsnittet for fylket begge åra.

### **4. Eineromsdekning**

Del av rom i institusjonar som er einerom	
1997	86 %
2005	100 %


Eit av måla i handlingsplanen var å kunne tilby einerom til alle som ønskjer det.  
Hornindal kommune vil ha full dekning i 2005.



## 1A. Folketalsutvikling

	1997	2001	2005 progn.	Endring 97 - 05	%-endr. 97 - 05
I alt	5826	5716	5631	-195	-3,3
67 - 79 år	646	595	537	-109	-16,9
80 år +	355	363	378	23	6,5

## 1B: Folketalsutviklinga for eldre i Gloppen grafisk framstilling



Det er liten endring i samla folketal i kommunen. Det er ein markert nedgang for gruppa 67 - 79 år, medang tal eldre 80 år + har ein liten auke.. På lengre sikt vil det vere ein stor nedgang i den eldste gruppa. Prognosene tilseier 308 personar i 2015, ein nedgang på 18,5% frå 2005.

## 2A. Tal institusjonsplassar og omsorgsbustader 1997 og 2005 - dekningsgrad \*)

	Sum einingar	Sjukeh. plassar	Dekn.gr. sjukeh.	Aldersh. plassar	Dekn.gr. ald.heim	Oms.- bu.	Dekn.gr. oms.bu.	Sum dekn. grad	Dekn.gr. fylket	Dekn.gr. landet
1997	83	53	14,9	0		11	6,8	21,7	27,8	26,6
2005	89	69	18,2	0		20	5,3	23,5	32,7	32,5
Endring	6	16	3,3	0		0	9	-1,5	1,8	4,9

\*) Dekningsgrad = einingar pr. 100 eldre 80 år +

Einingar = tal institusjonsplassar pluss omsorgsbustader bygt frå og med 1994

Gloppen kommune ligg mykje under fylkessnittet både i 1997 og i 2005.

Kommunen har ei rekke bustader/bufellesskap som ikkje vert rekna med som "omsorgsbustader", og såleis ikkje tel med i utrekning av dekningsgrad.

## 2B. Prosjekt med tilskot i Gloppen kommune

Midttun	1 omsorgsbustad
Reed bufellesskap	2 omsorgsbustader
Hyen bufellesskap	2 omsorgsbustader
Breim bufellesskap	4 omsorgsbustader
Gloppen sjukeheim	16 sjukeheimslassar
Sum med tilsegn frå Husbanken	<b>25 eininger</b>

Kommunen har fått rusta opp 2 eininger på sjukeheimen med i alt 16 plassar. I tillegg har kommunen bygt ut bufellesskapa i Hyen og Breim/Reed med fleire eininger.

## 3. Årsverk i pleie- og omsorgstenestene 1997 - 2001 med dekningsgrad \*)

	Sum årsverk	Dekningsgrad 80 år +	Deknings- grad fylke	Deknings- grad landet
1997	154	43	44	43
2001	181	50	47	46


\*) Dekningsgrad = årsverk i pleie- og omsorgstenesta pr. 100 eldre 80 år +

Gloppen kommune har ein dekningsgrad litt over gjennomsnittet for fylket i 2001. Det er to tilhøve som aukar ressursbehovet i kommunen, rollen som tidlegare vertskommune og enkeltpersonar med stort ressursbehov. Kommunen satsar relativt stor del av personellressursane i heimetenestene.

## 4. Eineromsdekkning

Del av rom i institusjonar som er einerom	
1997	87 %
2005	89 %


Eit av måla i handlingsplanen var å kunne tilby einerom til alle som ønskjer det. Med mindre enn 90% av romma som einerom, kan kommunen få vanskar med å oppfylle slike ønskje.



## 1A. Folketalsutvikling

	1997	2001	2005 progn.	Endring 97 - 05	%-endr. 97 - 05
I alt	6685	6734	6689	4	0,1
67 - 79 år	640	587	578	-62	-9,7
80 år +	398	399	377	-21	-5,3

## 1B: Folketalsutviklinga for eldre i Stryn grafisk framstilling



Samla folketal i kommunen er stabilt. Det er ein nedgang for gruppa 67 - 79 år, og ein mindre nedgang også i gruppa 80 år +. På lengre sikt vil gruppa 80 år + bli mindre. Prognosene tilseier 311 i 2015, ein nedgang på 17,5% frå 2005. Gruppa 67 - 79 år vil auke i denne perioden .

## 2A. Tal institusjonsplassar og omsorgsbustader 1997 og 2005 - dekningsgrad \*)

	Sum einingar	Sjukeh. plassar	Dekn.gr. sjukeh.	Aldersh. plassar	Dekn.gr. ald.heim	Oms.- bu.	Dekn.gr. oms.bu.	Sum dekn. grad	Dekn.gr. fylket	Dekn.gr. landet
1997	99	64	16,1	24	6	11	2,8	24,9	27,8	26,6
2005	140	87	23,1	5	1,3	48	12,7	37,1	32,7	32,5
Endring	41	23	7	-19	-4,7	37	9,9	12,2	4,9	5,9

\*) Dekningsgrad = einingar pr. 100 eldre 80 år +

Einingar = tal institusjonsplassar pluss omsorgsbustader bygd frå og med 1994

Stryn kommune ligg godt over fylkessnittet i dekningsgrad i 2005, litt under i 1997.

## **2B. Prosjekt med tilskot i Stryn kommune**

Arnljotbakken	6 omsorgsbustader
Stryn omsorgssenter	12 omsorgsbustader
Sjøtun burettslag	8 omsorgsbustader
Vikane omsorgssenter	6 omsorgsbustader
Kjeldeflata burettslag	11 omsorgsbustader
Vikane omsorgssenter, utbetring	6 sjukeheimspllassar
Stryn omsorgssenter, utbetring	9 sjukeheimspllassar
Sum med tilsegn frå Husbanken	<b>58 einingar</b>

Kommunen har satsa på utbygging av omsorgsbustader i Innvik, Olden og Stryn. I tillegg er begge omsorgsentra - Vikane og Stryn - utbetra.

## **3. Årsverk i pleie- og omsorgstenestene 1997 - 2001 med dekningsgrad \*)**

	Sum årsverk	Dekningsgrad 80 år +	Deknings- grad fylke	Deknings- grad landet
1997	140	35	44	43
2001	158	40	47	46

\*) Dekningsgrad = årsverk i pleie- og omsorgstenesta pr. 100 eldre 80 år +

Stryn kommune har ein dekningsgrad godt under gjennomsnittet for fylket.

## **4. Eineromsdekkning**

Del av rom i institusjonar som er einerom	
1997	76 %
2005	95 %

Eit av måla i handlingsplanen var å kunne tilby einerom til alle som ønskjer det.  
Stryn kommune vil få tilnærma full dekkning i 2005.

## **6. Vurdering av sluttresultatet**

### **6.1 Kommunane si vurdering**

Kommunane si rapportering om plan- og resultatdata av 15.02.2002, inneholder eit punkt der dei kunne gje vurdering av og kommentarar til Handlingsplan for eldreomsorga.

Stikkorda for vurderinga var erfaring med handlingsplanen, kva den har betydd for utviklinga av eldreomsorga og hovudutfordring for kommunen i pleie- og omsorgstenesta i åra som kjem. 15 av 26 kommunar gav respons på denne oppmodinga.

Handlingsplanen har i det vesentlege virka som planlagt. Det blir sagt at det var viktig at mål og metode var klart definert. Eldreomsorga og pleie- og omsorgstenesta vart sett på den politiske dagsorden. Statstilskota har vore avgjerande for oppbygging og fornying av tenestetilbodet, både på driftssida og bygningsmassen. Planlegginga av tiltaka har vorte meir bevisst og er positiv for sektoren. Det er blitt ei meir blanda utbygging av tilbod i og utanfor institusjon. Fleire kommunar meiner at moderniseringa var nødvendig. Det vart særleg framheva at open omsorg har fått eit nødvendig løft med handlingsplanen.

Brukarane har mange stader fått eller vil få betre standard på buarealet med eigen dusj og toalett. Mange har fått heilt nye rom eller omsorgsbustader. Det er også blitt betre behovsdekning for brukarane på driftssida.

Personalalet i pleie- og omsorgstenestene har mange stader fått ein «ny giv» - med entusiasme, pågangsmot og betre trivsel. Ved auka bemanning, kvalifisering og etterutdanning av personalalet (jfr. handlingsplan for helse- og sosialpersonell), har det blitt lettare å rekruttere fagfolk. Men det er også problem med å skaffe personale til dei ledige stillingane, då «reserven» er i ferd med å bli oppbrukt.

Til tross for alt det positive har «medalja» ei bakside. Ting kunne vore gjort annleis.

Det blir nemnt at fokus for handlingsplanen burde vore breiare. Trykket i pleie- og omsorgssektoren ligg mykje på yngre funksjonshemma, på psykisk utviklingshemma og psykiatri - i tillegg til dei eldre. Ein viktig faktor er meir hardhendt utskriving frå institusjonar, som i og for seg er planlagt og kan vera positiv, men som set store krav til kommunane.

Fleire er kritiske til at det ikkje frå starten av vart lagt opp til fylkeskvotar på investeringane.

Når ein heller ikkje fekk attendemelding under vegs på at planane var for ambisiøse for statleg medverknad, følte kommunane seg lurt. Det har vorte tilfeldig i kva rekjkjefølgje prosjekta vart gjennomført, og viktige prosjekt sto på slutten i fare for å falle ut. Ved faste kvotar hadde det blitt ei betre prioritering i kommunane.

Ordlegging i starten, som kunne tolkast slik at tilskotet til bygging skulle dekke totalkostnaden, skapte frustrasjonar, då det viste seg at det vart behov for til dels store kommunale eigendelar. I ein vanskeleg økonomisk situasjon, kan det bli problem med å realisere alle planlagde prosjekt.

Satsinga på nye driftstiltak kom i ei tid då kommunane hadde store behov for omstillingar, m.a. pga. tunge lønnsoppgjer. Frustrasjonar har kome ved behov for nedskjeringar samtidig med klare krav til aktivitetsvekst.

Mange kommunar meiner og at det har gått for mykje tid til rapportering i samband med handlingsplanen, og at rapporteringa kunne ha vore betre samordna med anna pålagd rapportering innan pleie- og omsorgstenesta.

Kommunane opplever no ei vesentleg forverring i den kommunale økonomien. Når pleie- og omsorgssektoren har vore skjerma for nødvendig nedskjering i kommunane i fire år, vil desse tenestene kunne bli særleg ramma i 2003 og åra framover.

Når det gjeld utfordringane framover vert det nemnt fleire viktige tilhøve:

- stadig kortare behandlingstid i 2. linetenesta, noko som vil sette større krav til tenester i kommunane
- det er noko uvisse om korleis det nye utbyggingsmønsteret i kommunane og dekningsgraden av institusjonsplassar vil vere tilpassa stadig tyngre brukarar, m.a. frå 2. linetenesta

- bemanninga i sektoren må tilpassast både den enkelte brukar sitt lovkrav om tenester og den økonomiske kvardagen i kommunane
- det er ei utfordring å kunne gjennomføre alle dei prosjekta som er planlagt på investeringssida i pleie- og omsorgssektoren, jfr. kommuneøkonomien
- rekruttering og kvalifisering av personell

## **6.2 Fylkesmannen og Fylkeslegen si vurdering**

I Stortingsmelding 50 1996/97, som låg til grunn for Stortinget si handsaming av handlingsplanen, vart det sett ein del overordna mål for eldresatsinga:

- tryggelik for nødvendige pleie- og omsorgstenester tilpassa den enkelte sine behov
- styrking av omfang og kvalitet på tenestene
- meir heilskaplege, fleksible og likeverdige tenestetilbod
- større brukarmedverknad og personlege val i dagleg omsorg

Ved utforminga av handlingsplanen, som vart sett i verk den 1. januar 1998, vart det sett følgjande kvantitetsmål:

- 12000 nye årsverk i pleie- og omsorgstenestene i kommunane
- 24400 omsorgsbustader og sjukeheimspllassar (seinare auka til ca. 40000)
- gjennom handlingsplanen skulle kommunane få moglegheit til å byggje opp eit tilbod om heildøgns pleie- og omsorg som svarar til 25% av befolkninga over 80 år. Tilboden kan gjevast i sjukeheim, aldersheim eller omsorgsbustad
- nødvendig opprustning/utskifting av gamle institusjonsbygg
- tilfredsstillande eineromsdekning - konkretisert til minst 90% dekning

Sluttresultatet for Sogn og Fjordane må vurderast opp mot desse måla.

### **6.2.1 Vurdering i høve til kvantitetsmåla**

#### *Drift - nye årsverk*

For drifta må ein sjå sjå om dei økonomiske virkemidla har ført til ønskja resultat - i det vesentlege nye årsverk.

Kommunane har fått overført i alt kr. 89 mill. til nye driftstiltak, og auken i planperioden har i følgje SSB sine tal vore 281 årsverk. Dette betyr kr. 315.000 pr. årsverk. I kravet til kommunane - for å måle aktivitetsvekst i høve til tilskotet - vart det nytta ein sum på

kr. 330.000 til 340.000 pr. årsverk, alt inkludert. Målt opp mot dette, har kommunane i fylket samla fått eit sluttresultat som er litt høgre enn det kravet vi sette til aktivitetsvekst. Det er enkeltkommunar som i SSB-statistikken ikkje viser nokon auke, eller til og med har nedgang i tal årsverk. Dette kan vera rett, eller det kan skuldast manglar ved rapporteringa frå kommunane i 1997 eller 2001. For alle kommunane samla er auken i dekningsgrad i Sogn og Fjordane lik samla auke for landet, jfr. tabell 3.1.2.

#### *Investeringar i omsorgsbustader og sjukeheimspllassar og dekningsgrad*

På investeringssida har kommunane i Sogn og Fjordane ei større utnytting av tilskotsmidlane frå Husbanken enn landsgjennomsnittet. Her ligg Sogn og Fjordane på 22 einingar pr. 100 eldre 80 år +, gjennomsnittet for landet er 19.

Målt som dekningsgrad, dvs. tal institusjonspllassar og omsorgsbustader pr. 100 eldre 80 år +, ligg Sogn og Fjordane om lag på landsgjennomsnittet. Vi har litt høgre institusjonsdekning og litt lågare dekning av omsorgsbustader enn gjennomsnittet i landet.

Mange av omsorgsbustadane er utforma som kollektive løysingar og/eller har fellesareal.

Det er stor forskjell i dekninga mellom kommunane, frå 23,3 til 45,3 målt på denne måten, jfr. tabell 4.2. Det er likevel grunn til å ta med at det berre er omsorgsbustader bygd med statstilskot frå 1994 som er rekna med i dekningsgraden. Mange kommunar har bygdetun og anna bustadmasse som langt på veg fungerer som omsorgsbustader. Desse kjem i tillegg til dei som er med i «dekningsgraden». Sameleis er behovet litt ulik i kommunar med «lettvint geografi» og kommunar med store avstandar og oppdeling i øyar og mange mindre bygder.

Når det gjeld målet om 25% dekning av heildøgns tilbod til befolkninga 80 år +, kan dette vere litt vanskeleg å måle i mange kommunar. Departementet har definert at samla dekning av omsorgsbustader og institusjonsplassar, som eit gjennomsnitt, bør vere bortimot 30 før ein kan seie at «heildøgns dekningsgrad» er i samsvar med målet om 25% dekning på landsbasis. Målt i høve til dette, vil alle kommunane, med unntak av ein, ha ei dekning frå litt under 30 til godt over landsgjennomsnittet på 32,5.

Mange eldre institusjonsbygg er heilt eller delvis sanert ved gjennomføringa av handlingsplanen. I dei fleste kommunane er hovudinstitusjonane opprusta eller nybygde. Eineromsreforma blir, med dei planar som er lagt, godt oppfylt - då 99% av alle rom vil vere einerom. Berre ein kommune vil ligge (rett) under 90%, som tidlegare vart definert som full dekning.

Kvaliteten på bygningsmassen er blitt vesentleg betra både for brukarane og dei som arbeider der.

Nokre kommunar satsar mykje på omsorgsbustader, andre på institusjonsplassar.

Gjennomsnittleg dekning av omsorgsbustader, med det som er planlagt til 2005, er 11 einingar pr. 100 eldre 80 år +. I kommunane Vågsøy, Sogndal, Gulen og Årdal vert dekningsgraden mellom 20,5 og 18,3, medan Leikanger, Lærdal, Selje og Naustdal får dekningsgrad frå 3,2 til 4,4.

Gjennomsnittleg dekningsgrad for institusjonsplassar er 21,6. Hornindal, Hyllestad, Lærdal og Vik har dekningsgrad i institusjon frå 31,5 til 30,1, medan Sogndal og Vågsøy ligg på 10 - 11.

Der er difor ikkje unaturleg å snakke om «omsorgsbustadkommunar» og «institusjonskommunar» i denne samanhengen.

Ein ting står att å sjå - om alle planlagde prosjekt i kommunane blir gjennomført etter planane. Slik som den økonomiske situasjonen avteiknar seg i mange kommunar, vil det ikkje vere usannsynleg at enkeltkommunar kan få problem med gjennomføring av alle, planlagde prosjekt.

### **6.2.2 Vurdering i høve til kvalitative mål**

Kommunane i Sogn og Fjordane er på god veg til å nå dei kvantitative måla som vart sett i handlingsplanen. Dette kan ha innverknad på kvaliteten på tenesteinnhaldet. Handlingsplan for eldreomsorga hadde i tillegg til målsetting om auka tal på årsverk, auke i bygningsmasse og betring av bygningsmasse, også målsettingar om bedre kvalitet på tenestetilbodet og innhald i pleie- og omsorgstenestene. Tenester tilpassa den enkelte sine behov, styrking av omfang, større brukarmedverknad og høve til personlege val i dagleg omsorg, var nokre av måla.

Fleire kommunar vel bygningsmessige utformingar i prosjekta som legg føringar på drift og organisering av denne. Sjukeheimar som er organisert i mindre bueiningar med eigne fellesfunksjonar, gjev større næreleik mellom bebuar og personell og dermed større tryggleik for den enkelte. Tenestene vert organisert slik at personell som tidlegare har vore knytt til andre oppgåver enn direkte pasientkontakt, vert trekt inn i dagleg omsorg, medan pleiepersonell også vert nytta til førefallande arbeid. Dette er effektiv ressursutnytting og gjev grunnlag for økonomiske innsparinger. Samtidig fører det til nye utfordringar for verksemndene i høve til kvalitet på tenestene som vert gjeve og til grad av måloppnåing.

Desse utfordringane er mellom anna knytt til prioritering av kva oppgåver personalet skal nytte tida si til. Tilrettelegging av og hjelp til sosiale aktivitetar for pasientane og førefallande arbeid i avdelinga, er begge aktivitetar som kan ha innverknad på tenestekvaliteten. Med knappe tids- og personellressursar kan tenesta kome i ein situasjon der ein må prioritere mellom slike oppgåver. Det vil verta både ei utfordring og ein føresetnad at leiing og personale har felles forståing for korleis eventuelle prioriteringar skal gjennomførast, og at dette ikkje kjem i konflikt med kvalitetsmåla for tenesta.

Det er også knytt krav til bruk av ufaglært personell som deltek i direkte pasientomsorg. Dette set krav til verksemndene når det gjeld opplæring. Både på leiing- og utøvande nivå vil dette medføre utfordringar i høve til planlegging av, ressurstilgang til, og gjennomføring av fortløpende intern opplæring og kompetanseheving.

Det er ein føresetnad for betre kvalitet på tenesteinnhaldet at personell har nødvendig kompetanse for å utøve dei oppgåvene dei får ansvar for. Kommunane sine rapporterte vanskar med rekruttering av pleiepersonell, i tillegg til økonomiske nedskjeringar, kan medføre at måla om større brukarmedverknad, tenester tilpassa den einskilde sine behov og hove til personlege val vert vanskelegare å nå.

På den andre sida har eldresatsinga ført til auka fokus på kompetanse og opplæring innan fagfeltet. I Sogn og Fjordane har eldresatsinga, i tillegg til handlingsplan for helse- og sosialpersonell, ført til auke i talet på personell med pleie- og omsorgsutdanning både på vidaregåande- og høgskulenivå. Styrking av kompetanse innan geriatri og aldersdemens vil betre kvaliteten på tenesteinnhaldet og dermed lettare føre til at kvalitetsmåla kan nåast.

Handlingsplan for eldreomsorga er også ei eineromsreform. I Sogn og Fjordane vil målsettinga om einerom til alle som ynskjer det verta nådd. Det har innverknad på kvalitet på tenestene. Eldresatsinga har også vore ei omsorgsbustadsatsing i vårt fylke. Det er ei utfordring å unngå at brukarane vert sittande åleine på romma sine. Dersom det skjer, kan auka einsemd og mindre tryggleik verte resultatet. Det må vera personell og ressursar nok slik at brukarane får nødvendig hjelp til å ta aktivt del i ein sosial kvardag.

Nødvendig medisinsk undersøking og oppfølging er også ein føresetnad for god kvalitet på tenesta. Fleire eininger for senil demente vert bygde. Pasientane på slike avdelingar skal vera utreda for senil demens og ha fått slik diagnose før innlegging. For at kvalitetsmåla skal verta nådd, er det ein føresetnad at nødvendige legeressursar vert knytt til tenestene slik at pasientane får den medisinske undersøking, behandling og oppfølging dei har rett til. I tillegg til utfordringa med rekruttering av pleiepersonell, vil det verta ei utfordring å sikre nødvendig legeressursar innan pleie- og omsorgstenesta.

#### **6.2.3. Sideverknader av handlingsplanen**

Handlingsplanen har ført til at pleie- og omsorgssektoren har blitt prioritert i kommunane, og kan ha ført til mindre ressursar til andre viktige tiltak og prosjekt. Td. har mange kommunane følt at dei måtte bygge institusjonar og omsorgsbustader no, når tilskota er aktuelle, sjølv om ein i ein situasjon med «fri prioritering», kanskje ville gjort ting i anna rekkefølgje. Dei store eigendelane i byggjeprosjekta kan ha ført til ein pressa situasjon på investeringssida i kommunane.

I overgangen frå øyremarking av driftsmidlar til rammetilskot, er kommunane i ein svært vanskeleg økonomisk situasjon. Det vil truleg verta reduksjon i stillingar innan pleie- og omsorgstenesta. Det at desse tenestene har vore «freda» for nedskjering i denne 4-årsperioden, gjer at slike vurderingar ikkje er unaturlege i dagens situasjonen. Dette kan likevel vera eit problem sett opp mot kravet som har vore i handlingsplanen om nødvendig bemanning i samband med nye investeringar.

Vi meiner at samarbeidet i regional stat om eldresatsinga, der Fylkesmannen og Fylkeslegen gjev like signal og felles tilrådingar, td. til Husbanken, må vera positivt. Dette er noko kommunane har etterlyst i fleire samanhengar.

#### **6.2.4. Utfordringar framover**

Sjølv om handlingsplanen no vert avslutta, er det mange utfordringar i tida framover.

Frå Regjeringa vert lagt opp til å fokusere på ei rekke kvalitetstiltak framover. Dette skjer m.a. gjennom eit utviklingsprogram for betre kvalitet og enklare ordningar i helse- og sosialtenesta:


- betre harmonisert lovverk
- enklare finansierings- og brukarbetningsordningar
- 4-årig satsingsprosjekt på leiing- og kvalitetsutvikling - samarbeid med KS
- kompetanse- og rekruttering gjennom ny, 4-årig rekrutteringsplan
- felles kvalitetsforskrifter pleie- og omsorgstenesta
- betra sakshandsaming/ny saksbehandlingsveileder
- oppfølging og rådgjeving frå regional stat overfor kommunane

## Vedlegg i rapporten - oversyn

Vedlega viser søylediagram for:

1. Øyremerka tilskot til pleie- og omsorgstenesta 1997 og 2201
2. Personelldekning pr. 100 innbyggjarar 80 år +
3. Husbanktilsegner pr. 100 innbyggjarar 80 år +
4. Institusjons- og omsorgsbustaddekning pr. 100 innbyggjarar 80 år +
5. Eineromsdekkning i institusjon


### Vedlegg 1 Øyremerka tilskot til pleie- og omsorgstenesta i 1997 og 2001




## Vedlegg 2 Personelldekning pr. 100 innbyggjarar 80 år +




### Vedlegg 3 Husbanktilsegner pr. 100 innbyggjarar 80 år +



#### Vedlegg 4 Institusjons- og omsorgsbustaddekning pr. 100 innbyggjarar 80 år +



## Vedlegg 5 Eineromsdekning i institusjon



**Aktuelle rapportar i denne serien: (1991 – 1993 ikkje med)**

- Nr 1 - 1994 Miljøstatus for Sogn og Fjordane 1992-93 - med langtidsperspektiv. ISBN 82-91031-15-0.
- Nr 2 - 1994 Miljø-sysselsettingsprosjekt i Sogn og Fjordane i 1993. ISBN 82-91031-19-3
- Nr 3 - 1994 Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark. ISBN 82-91031-20-7
- Nr 4 - 1994 Enkel skjøtselsplan for Styvi-Holmo landskapsvernområde. ISBN 82-91031-21-5
- Nr 5 - 1994 Kontroll av matfiskanlegg for laks og aure 1991-93. ISBN 82-91031-22-3
- Nr 6 - 1994 Plan for minstekrav til reinsing - Sogn. og Fjordane. ISBN 82-91031-23-1
- Nr 1 - 1995 Naturvernombra i Sogn og Fjordane. Kart i målestokk 1:250.000. ISBN 82-91031-25-8
- Nr 2 - 1995 Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane. Fagrapport 1994. ISBN 82-91031-26-6
- Nr 3 - 1995 Biologiske undersøkelser av noen kulturlandskap og edellauvskog i Sogn og Fjordane. i 1994. ISBN 82-91031-26-6
- Nr 4 - 1995 Bygder i Sogn og Fjordane - ein tilstandsanalyse. ISBN 82-91031-27-4
- Nr 1 - 1996 Tenesteproduksjon i kommunane Flora, Førde og Gauld - dekningsgrad, prioritering og produktivitet. ISBN 82-91031-28-2
- Nr 2 - 1996 Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-29-0
- Nr 3 - 1996 Prøvefiske i 21 vatn i Ytre Sogn og Sunnfjord. ISBN 82-91031-30-4
- Nr 1 - 1997 Europark 96 - Glenveigh National Park - Irland
- Nr 2 - 1997 Forvaltningsplan for Nigardsbreen naturreservat. ISBN 82-91031-32-0
- Nr 3 - 1997 Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-33-9
- Nr 4 - 1997 Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-34-7
- Nr 1 - 1998 Fiskeressursar i regulerte vassdrag, sluttrapport. ISBN 82-91031-35-5
- Nr 2 - 1998 Forvaltning av nasjonalparkar i USA. ISBN 82-91031-36-3
- Nr 3 - 1998 Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernombra. ISBN 82-91031-37-7
- Nr 4 - 1998 Forvaltningsplan for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsområde. ISBN 82-91031-39-8
- Nr 5 - 1998 Skjøtsel i heimre Utladalen – Samordna plan for kulturlandskapskjøtsel, bygningsvern, Tilrettelegging for ferdsel og informasjon i Utladalen landskapsvernombra. ISBN 82-91031-40-1
- Nr 6 - 1998 Miljøtilstanden i Sogn og Fjordane 1998. ISBN 82-91031-43-6
- Nr 7 - 1998 Miljøtilstanden i Sogn og Fjordane 1998 Opplegg og idear i skulen. ISBN 82-91031-43-6
- Nr 1 - 1999 Europeisk nasjonalparksamarbeid – Norges nasjonalparkar i eit internasjonalt perspektiv. ISBN 82-91031-44-4
- Nr 2 - 1999 Forvaltningsplan for Flostranda naturreservat. ISBN 82-91031-45-2
- Nr 1 - 2000 Bygder i Sogn og Fjordane – ein tilstandsanalyse. ISBN 82-91031-46-0
- Nr 2 - 2000 Naturvernombra i Sogn og Fjordane. Kart i målestokk 1:250.000. ISBN 82-91031-47-9
- Nr 3 - 2000 Hjorteforvaltning 2000 – Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-48-7
- Nr 4 - 2000 Nasjonalparkar og næring hand i hand? ISBN 82-91031-49-5
- Nr 5 - 2000 Naturbruksprosjektet. ISBN 82-91031-50-9
- Nr 6 - 2000 Landbruksbygder i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-51-7
- Nr 1 - 2001 Skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Jostedalsbreen Nasjonalpark. ISBN 82-91031-52-5
- Nr 2 - 2001 Nasjonalparkar og andre naturvernombra i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-82-7
- Nr 3 - 2001 Storsopper i kommunene Leikanger, Luster og Sogndal registrert under XV Nordiske. Mykologiske kongress Sogndal 7. – 12. september. ISBN 82-91031-83-5
- Nr 4 - 2001 Framlegg til verneplan for myr i Sogn og Fjordane. ISBN 82-91031-84-3
- Nr 1 - 2002 Prøvefiske i samband med planlagt vassdragsregulering i Kløvtveitvassdraget og deler av Yndesdalsvassdraget i Sogn og Fjordane fylke. ISBN 82-91031-85-1.
- Nr 2 - 2002 Berekraftig skogbruk i Sogn og Fjordane. ISBN-82-91031--53-3
- Nr 3 - 2002 Status for eit utval artsrike engar i Sogn. ISBN-82-91031-54-1
- Nr 4 - 2002 Handlingsplan for eldreomsorga i Sogn og Fjordane, 1998 – 2001. ISBN-82-91031-56-8